

Gode sirklar

Nyhetsbrev 09

Nov.
2010

KOMPETANSEDRIVEN NÆRINGSUTVIKLING

Kommunane styrkar Gode Sirklar

Selskapet held fram etter gode resultat i den første fireårsperioden. Dei tre kommunane som eig Gode Sirklar har gjort vedtak om å vidareføre og styrke selskapet, og halde fram med driftsmodellen.

Gode Sirklar blei oppretta i 2005. Kommunane inngjekk då ei avtale med Sintef, om å drive selskapet i 4 år. Etter denne perioden har det vore ein ekstern evaluering, som Agderforskning har gjennomført. Evalueringa er i alt hovudsak positiv. Kommunestyra i Sund, Fjell og Øygarden har konkludert med at drifta skal førast vidare etter same modell, og med ei blanding av kommunal og ekstern finansiering. Gode Sirklar blir tilpliktat å syne samfunnsnytten av drifta.

Fjell kommune sikrar driften av Gjerdet kulturminnegard

Fjell kommune eig gardsbruket Gjerdet, som er blitt ein viktig stad i verdiskapingsprosjektet Perler i Nordsjøløypa, PIN. Etter som PIN-programmet løper ut i 2010, har det vore viktig å avgjere korleis vidareføringa av drifta skal vere på garden.

Kommunestyret i Fjell har no vedteke å be Gode Sirklar legge frem ein utviklingsplan for staden, basert på det arbeidet som har vore gjort i PIN. Gjerdet er blitt ein samlingstad for kunsthandverk, matkultur og kunst. Luftskipet står no på garden, og bygningane er under restaurering. Blandinga av kommersiell drift, lagsarbeid og innsats frå Gode Sirklar kan gjøre garden til eit knutepunkt både for reiselivet i regionen, og dei kulturbaserte næringane.

Finansiering knytt til Gjerdet kulturminnegard vil Fjell kommunestyre ta stilling til i samband med budsjettbehandlinga for 2011.



Den marine næringa i Sund inngår avtale om undervisning i skuleverket

Breidt anlagt program i samarbeid med SMI, Fusa kommune, HFK og Gode Sirklar.

Fiskeri og oppdrett er næringar som står sterkt i regionen. Med start i Sund har bedriftane tatt opp eit tett samarbeid i SMI - Sotra Marine Industrinettverk. Eit satsingområde for SMI er omdømebygging og rekruttering - målsettingar der det er naturleg å samarbeide med skuleverket. Gode Sirklar har arbeidd ut eit program for praksisnær undervisning i ungdomsskulane, der kvar skule får nytte bedriftane som ligg nær, og kompetansen deira, til fagleg undervisning. Hordaland fylkeskommune står prosjektet økonomisk. I Fusa har næringa og skuleverket hatt eit tett samarbeid over lang tid, slik at det er naturleg å dra inn erfaringar derfrå i arbeidet.

Programmet startar med møte mellom skule og bedriftar i desse dagar.

Nytt Fiskarbondens marknad

Etter Kysteventyret arrangerte Fiskarbondens marknad i september, fekk vi gode tilbakemeldingar frå både aktørar, kundar og Sartor Storsenter. Dette ville dei ha meir av. For å gi interessentane det dei ynskjer, skal marknaden arrangerast igjen 24. november. Denne gongen blir marknaden frå 11.00-18.00. I tillegg til lokalmat-aktørane blir det også anna underhaldning. Siv Støldal frå Gjerdet kulturminnegard skal ha juleverkstad for barn saman med biblioteket. Empire state of Sotra skal spele på ettermiddagen, og det blir trekkspelmusikk tidlegare på dagen. Fiskarbondens marknad skal bli eit fast marknad, men det er enno ikkje fastsett kor ofte marknaden skal haldast.



Kysteventyret på reiselivsmesse i januar

Reiselivsmessa er ei årleg happening som finn stad i Grieghallen. Kysteventyret skal stå på stand her 21-23 januar. Reiselivsaktørar frå Fjell, Sund og Øygarden kan bli med å presentere Kysteventyret vi har vest for Bergen. Det arbeidast med å lage ei brosjyre som presenterar litt av det vi har å by på i regionen. Denne skal være klar til messa.